

7. Framlegg til budsjettvedtak frå Formannskapet

1. Handlingsprogram 2017 – 2020
 - A. Handlingsprogram for 2017 – 2020 vert vedteke med dei mål og premisser som går fram av handlingsprogramdokumentet
2. Økonomiplan 2017 – 2020 vert vedteke som retningsgjevande for perioden 2017 – 2020
3. Årsbudsjett 2017 vert vedteke med følgjande hovudpunkt:
 - A. Skatt på inntekt og formue blir likna ut i samsvar med dei maksimalsatsar Stortinget vedtek.
 - B. For eigedomsskatteåret 2017 skal det skrivast ut eigedomsskatt i heile kommunen, jf. Eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav a
 - i. For næringsseigedomar, verk og bruk blir skattesatsen fastsett til 7 ‰ av takst for eigedomsskatt, med heimel i esktl. §§ 10 – 12
 - ii. Med heimel i esktl. § 12 a) blir eigedomsskatten fastsett til 3,5 ‰ av takst for eigedomsskatt for bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar. Med dette meinast bustader for fast busetting og på tomter for fast busetting, fritidsbustader, samt bustadhus på landbrukseigedomar.
 - iii. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Gol kommune vedteke i kommunestyret 7.9.2010 – sak 48/2010 – skal gjelde for eigedomsskatteåret 2017, jf. esktl. § 10
 - iv. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2017 er basert på takster fastsett ved siste alminnelege taksering gjennomført i år 2010.
 - v. Klage over takstvedtaket og klage over utskrivingsvedtaket vert etter esktl. § 20 avgjort av ei sakkunnig nemnd.
 - vi. Med heimel i esktl. §7 fritak kommunestyret eigedomar for eigedomsskatt som i vedtak K.sak 60/10 (fritak som i 2011 - 2016)
 - vii. Eigedomsskatten blir skriva ut i 2 terminer, jfr. esktl. § 25 første lekk. Terminforfall er sett til 1. april og 15. september

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

- C. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med «Hovudoversikt drift – 1A og 1B»

Brutto frie disponible inntekter	kr.	308.430.000
Netto utgifter til renter og avdrag	kr.	31.378.000
Netto avsetningar	kr.	1.144.000
Til fordeling på driftssektorane	kr.	278.196.000

- D. Investeringsbudsjettet blir vedteke i samsvar med «Hovudoversikt investering – 2A og 2B»

- Nye investeringar	kr.	55.570.000
- Investeringar frå 2016	kr.	40.000.000

- E. Overskriding av budsjetttrammene må ikkje finne stad utan at det er innhenta samtykke i samsvar med delegasjonsreglementet sine fullmakter frå budsjettansvarleg organ. Formannskapet og utvala (UNN og UKL) får fullmakt til og gjera vedtak om omdisponering innafor eigne budsjetttrammer. Beløpa skal ikkje nyttast på ein slik måte at driftsutgiftene for seinare år aukar.

- F. Kommunestyret godkjenner ei låneramme for 2017 på kr. 55.570.000 kroner for å finansiere nye, netto løyvingar til investeringar

- G. Rådmannen gis fullmakt til å godkjenne lånevilkår innafor nemnde låneramme

- H. Godtgjersle til folkevalde for 2017 blir fastsett i samsvar med reglementet for godtgjersle til folkevalde vedteke 16.06.09.

- I. Tilskot til politiske parti og grupper i kommunestyret i 2017 blir fordelt med kr 500 i grunntilskot og kr 1.900 pr. representant.

4. Gebyrreglement, avgifter og satsar for betaling av tenester i samsvar med K-sak 76/2016 og K-sak 91/2016, gjeldande frå 1.1.2017 dersom ikkje anna er fastsett i reglementet

5. Heimelsregisteret blir endra med verknad frå 1.1.2017

Rådmannen sin stab – eigedomsskattekonulent – reduksjon 0,5 stillingsheimel

Landbruk og miljø – næringskonulent – reduksjon 0,5 stillingsheimel

Sekretariat – reduksjon 1,0 stillingsheimel

Gol barnehage – reduksjon 3,7 stillingsheimel

Gol skole – reduksjon 3,0 stillingsheimel

Bygg og drift – endra uheimla stilling til heimla stilling – auke 1,0 stillingsheimel